

Hugs søknadsfristen til SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad.

25.02.2020



Søk om gåve frå SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad !

Hugs at søkerfristen for vårtildelinga er tysdag 3. mars 2020.

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad deler ut gåver til ålmennytige føremål vår og haust. Søknadsfristen for vårtildelinga er tysdag 3. mars 2020. Ferdig skriven søknad med vedlegg må vera stiftinga i hende innan utgangen av tysdagen. Fleire gode prosjekt frå Uskedalen er sidan oppstaten tildelt gåver.

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad er aksjar i SpareBank 1 SR-Bank ASA. Det er aksjeutbytte frå SpareBank 1-SR-Bank som er grunnlaget for gåveutdelingane.

Det er høve for laga og organisasjonar heimehøyrande i kommunane Kvinnherad, Stord og Odda til å søkja om tildeling av slike gåver. Alle søkerne må sendast inn via det elektroniske søkerdokumentet som er å finna på stiftinga si heimeside.



Prosjektet Gull av grus er ved fleire høve tildelt midlar ([Arkivfoto](#)).

På heimesida deira finn du informasjon om kven som kan søkja, kva ein kan søkja gåver til og kva styret legg vekt på ved vurderinga av søknadene.

Prosjektet Gull av grus er eit av tiltaka i Uskedalen som har motteke den største gåva. Mange andre tiltak er tildelt midlar som til dømes instrumentkjøp, varmepumper, renovering av Helgheim, Gamleskulen, Bedehuset, Aktivitetshuset, Festidalen og andre aktiviserande tiltak.

Søknadskjema finn du på www.kvinnheradstiftinga.no

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Logo SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad/ Kristian Bringedal